

Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug

Saksnummer: 21/10740

Klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Gjeld gbnr 214/32.

Eg viser til brev datert 03.06.2022 og vil med dette klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

Litt om bakgrunn for kvifor eg har søkt om å få bygge hytte. Egedomen vart kjøpt av oldefaren min som bygde opp eit lite småbruk med to kyr og sauer. Det blei seinare overtatt av bestefaren min. Han hadde 4 born og egedomen vart delt i 4 slik at alle borna skulle få ein fritidseigedom i Lindås, to av borna bygde sine hytter på 70-talet. Onkelen min (Knut), som var eigar av denne delen, overtok etter kvart òg parten med det gamle huset og hadde derfor ikkje behov for å byggja på den delen som eg og familien no har overtatt frå han. Seinare fekk søskenbarnet mitt overta gamlehuset, men då var det uaktuelt for Knut å byggje hytte. Alle desse 4 hyttene er teikna inn i reguleringsplan frå 1977 og dette er den einaste hytta som ikkje er bygd. Hyttene som er bygd er fordelt over heile egedomen og den som no er planlagt ligg rett sør for hytta til onkelen min, ca 60 meter.

De skriv i avslaget at de meiner at dette vil gje privatisering av eit nytt område. Eg vil oppmoda om at de reiser på synfaring dersom de ikkje kjenner området. Frå landsida vil området oppfattast som at det er i privat eige. Det er hytte med garasje og hage i tilkomsten til egedomen, og to hytter nærmare sjø. Frå sjøsida er ikkje dette eit nytta område, verken for badande eller andre. Det er hytte og naust på begge sider av neset. Foreldra mine bygde hytte på tidleg 70-tal og har ikkje observert at neset er nytta av nokon, verken sommar eller vinterstid. Heller ikkje av dei som allereie har hytte her. Dei nyttar områda på kvar side av neset. Neset har bratte kantar både mot aust og vest. Det er òg friområde ved sjøen på austsida av Fyllingsnes som ligg der for hytter som ikkje har sjølinje.

Slik eg ser det vil det ikkje føre til noko ulempe eller privatisering av nytt område. Eg er einig i at det er viktig å ta vare på strandsona, men i dette tilfellet verkar det urimeleg å bruke dette som argument då det er snakk om eit område som ligg inne i eit område som vert oppfatta som privat.

Eg har forståing for at statsforvaltaren ikkje har oversikt og moglegheit til å sette seg inn i alle detaljane i eit område. Det er derfor viktig at kommunen brukar sin lokalkunnskap når det skal vurderast om det skal gjevast dispensasjon. Eg visar til artikkel i Dagsavisa 20.4.2022 der kommunalministeren vil gje kommunane meir makt over strandsona. [Link](#)

Eg blei overraska over avslaget då kommunen var positive ved førehandskonferansen me hadde 13. august 2020. Reguleringsplan var gjeldande og område er regulert for hytter. Sjå og vedtekter for Storneset strandplanomåde, revidert 10.06.1976.

Eg ber om at de vurderer søknaden på nytt, gjerne etter å ha vore på synfaring. Eg ber og om at denne klagen vert registrert som innspel til den nye kommuneplanen som er under arbeid.

Med helsing

Helge Magnus Erdal